

Verneforskrifter Jotunheimen NP: Oppsummering fråsegner med fylkesmennene sine tilrådingar (juli 2008)

§ 2 FORMÅL

Sogn og Fjordane bondelag

Her må teksten endrast i første setning til: ”...Å verne og forvalte eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad

DNT Oslo og Omegn og DNT Sentralorganisasjonen meiner det er viktig at naturopplevingar er kome inn som eit mål for vern av Jotunheimen nasjonalpark i § 2 *Formål*. Ein synest at omgrepet ”tradisjonelt” med fordel kunne vore fjerna, då eit enkelt friluftsliv vil ivareta utøvinga av friluftslivet på ein skånsam måte, men samtidig kunne inkludere nye typar enkelt friluftsliv.

DNT (landsorganisasjonen) meiner det bør i forarbeida presiserast at det aktivt skal stimulerast til auka friluftslivsbruk (jf. forskrifta for Junkerdal NP.). Formuleringa om at ”allmenta skal gis anledning ...” kan bli oppfatta som altfor passivt, og det bør samtidig kome klårt fram at friluftsliv er eit av hovudføremåla med vernet.

Årdal kommune stiller seg svært positive til at kulturminne er sett på dagsorden og vert ein del av verneformålet

Memurubu turisthytte

Det bør kome sterkare fram i forskrifta si ordlyd at dei lokale bruks- og næringsinteressene skal tilleggast vekt. Det bør derfor inn ”turisme” i § 2, 3. ledd.

Fylkesmennene i Oppland og i Sogn og Fjordane viser til at framlegget til formål tek utgangspunkt i standard mal for verneforskrift for nasjonalparkar utarbeidd av Direktoratet for naturforvaltning med tilpassing til gjeldande verneformål for Jotunheimen nasjonalpark frå 1980. Det er ikkje i samsvar med naturvernlova å ta turisme/reiseliv med i verneformålet.

§ 3 VERNEREGLAR

1. Landskapet

1.2-1.3

Sogn og Fjordane bondelag

Her må det gjevast grunnlag og aktivitetsrom i verneområdet for landbruksturisme basert på bygningsmasse i området, ferdsel og informasjon om reislivsprodukt, naturmiljø, historisk landskap og ferdselsvegar knytt til fedrift og arena landbruksaktivitet.

DNT (landorganisasjonen)

DNT støttar punkt 1.2 b) og c), 1.3 b), d) og e). DNT ønskjer at verneforskriftene har ein viss fleksibilitet for å møte framtidige behov for tilrettelegging for friluftsliv.

Fylkesmennene i Oppland og i Sogn og Fjordane viser til at framlegget til verneforskrifter tek utgangspunkt i standard mal for verneforskrift for nasjonalparkar utarbeidd av Direktoratet for naturforvaltning med tilpassing til gjeldande verneforskrifter for Jotunheimen nasjonalpark frå 1980. Fylkesmennene ser ikkje grunn til å endre i høve til framlegget.

2-3. Planteliv og dyreliv

Norges fjellstyresamband (NFS)

NFS er nøgd med at verneforskrifta er for begge verneområda er forankra i fjellova gjennom å innehalde viktige punkt i høve til utøving av bruksrett i statsallmenning.

§ 3, pkt. 1,3: Det bør inn eit nytt om at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til oppføring av nye bygningar i samband med oppstart av seterdrift på statsallmenning.

§ 3, pkt 3. Det må visast til fjellova.

Vågå kommune

§ 3, pkt 2.4: kommunen er imot at det blir opna for at DN kan regulere beite. Ein meiner denne formuleringa er for upresis for at beiteinteressene i området kan kjenne seg tryggje på å ikkje få bandlagt bruk som følgje av politiske svingingar i opposisjon og forvaltning.

Fylkesmennene i Oppland og i Sogn og Fjordane viser til at framlegget til verneforskrifter tek utgangspunkt i standard mal for verneforskrift for nasjonalparkar utarbeidd av Direktoratet for naturforvaltning med tilpassing til gjeldande verneforskrifter for Jotunheimen nasjonalpark frå 1980. Det er ikkje seterdrift med mjølking i nasjonalparken i dag, og retten til dette på Gjendebu falt i det fri.. Memurubu er einaste seter i drift (utan tradisjonell seterdrift, men med dyr på beite). Oppstart av seterdrift er pga utviklinga i landbruket mindre aktuelt i dag enn ved opprettinga av Jotunheimen nasjonalpark i 1980. Direktoratet for naturforvaltning har heimel i naturvernlova til å regulere beiting vil uansett om det står i verneforskrifta eller ikkje. Fylkesmennene ser ikkje grunn til å endre i høve til framlegget.

4. Kulturminne

Årdal kommune

stiller seg svært positive til at kulturminne er sett på dagsorden og vert ein del av verneformålet.

Oppland fylkeskommune

Det er positivt at kulturminne er løftet som ein del av verneformålet, men ein foreslår ein ny og meir presis formulering i 4.1, samt at det også kan bli gitt løyve til skilting av kulturminne i 4.2. Alle kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging.

For automatisk freda kulturminne, vedtak freda kulturminne og lausfunn gjeld bestemmelsane i kulturminnelova.

Kulturminne frå nyare tid skal også vernast mot skade og øydelegging. Tiltak som kan vere eigna til å endre, skade eller fjerne kulturminne frå nyare tid som kan ha verneverdi, skal leggjast fram for forvaltningsstyresmaktene for godkjenning. Slike kulturminne kan til dømes vere bygningar, vardar, vassvegar, ferdselsvegar, osv.

Fylkesmennene i Oppland og i Sogn og Fjordane viser til at framlegget til verneforskrifter tek utgangspunkt i standard mal for verneforskrift for nasjonalparkar utarbeidd av Direktoratet for naturforvaltning med tilpassing til gjeldande verneforskrifter for Jotunheimen nasjonalpark frå 1980. Fylkesmennene finn verneforskrifta uttømmende, og meiner at presiseringane om kulturminne høyrer heime i forvaltningsplanen.

5. Ferdsel

Ragnar Bell

Fylkesmannen bør revurdere forslaget i forhold til regulering av kommersiell aktivitet, på bakgrunn av Jotunheimen er det området i Noreg der det er mest "ekstrem" friluftsfjellsportaktivitet i sommarhalvåret.

Sogn og Fjordane bondelag

Det må opnast for at ferdsel relatert til landbruksturisme må sikrast plass i den samla ferdselsplan i verneområdet.

DNT (landsorganisasjonen)

DNT meiner det må presiserast i pkt. 5.2 og i forvaltningsplanen at denne regelen ikkje er til hinder for tradisjonell turverksemd til fots i regi av turistforeiningar, skoler, barnehagar, ideelle lag og foreiningar.

DNT meiner det skal mykje til for å innføre avgrensingar i allemannsretten. Det må derfor bli stilt klare faglege krav til dokumentasjon mot. verknad friluftslivet har på naturmiljøet før forvaltningsmyndigheitene kan regulere ferdsel til fots/på ski etter pkt. 5.4. I ein slik situasjon bør ulempene bli veid grundig i forhold til dei mange fordelane ved utøvinga av friluftsliv. Pkt. 5.5 – omlegging av stiar blir dekt av pkt 5.4, og med utgangspunkt i at det ikkje er aktuelt å leggje ned nokre av dagens stiar kan dette punktet gå ut av forskrifta.

Fylkesmennene i Oppland og i Sogn og Fjordane viser til at framlegget til verneforskrifter tek utgangspunkt i standard mal for verneforskrift for nasjonalparkar utarbeidd av Direktoratet for naturforvaltning med tilpassing til gjeldande verneforskrifter for Jotunheimen nasjonalpark frå 1980. Fylkesmennene viser til at ferdselsreglane i verneforskrifta skal sikre at det ikkje skjer skade på naturmiljøet, og såleis ikkje gjev høve til å skilje mellom kommersiell og anna ferdsel, noko som også omfattar landbruksturisme. Tilhøvet til turistforeiningar, skular, lag og organisasjonar høyrer heime i forvaltningsplanen og er omtala der. Verneforskrifta legg ikkje opp til å avgrense allemannsretten (og forvaltningsplanen) utan at det kan skje skade på naturmiljøet. Fylkesmennene meiner at punktet om å fjerne stiar må stå av omsyn til villrein og anna dyreliv, m.a. fordi det i framlegget til forvaltningsplan vert opna for å merke stiar under føresetnad av at dei kan fjernast dersom det seinare syner å vere problem for villreinen. Fylkesmennene ønskjer å halde på framlegget til verneforskrift.

6. Motorferdsel

Sogn og Fjordane bondelag er for dispensasjon frå forbodet mot motorferdsel, m.a. også landbruksturismen vere ein del av dette grunnlaget.

Forsvarsbygg vil at verneforskrifta må omarbeidast slik at nødvendig militær lågtflyging ikkje blir hindra, alternativt at vidare behandling av denne delen av verneforskrifta vert utsett inntil ei arbeidsgruppe har ferdigstilt sitt arbeide.

DNT Oslo og Omegn og DNT (landsorganisasjonen), Oppland fylkeskommune, Lom fjellstyre og tilsynsutvalet i Lom støttar forbodet mot lågtflyging under 1000 meter over bakken.

DNT (landsorganisasjonen) meiner køyring med heimel i pkt. 6.2 og 6.3 må rapporterast inn til forvaltningsmyndigheitene.

Oppland fylkeskommune

Fylkeskommunen støttar dei føreslåtte lågtflygingsgrensene, og det er positivt at dette harmonerast med andre nasjonalparkar.

Luster kommune, Ope møte i Luster 20.12.2007 og Årdal kommune vil gå mot å innføre 1000 meter flygehøgde over verneområda ved turistflyging. Tiltrår 300 m flygehøgde over bakken som er standard verneforskrift for nasjonalparkar.

Årdal kommune tilrår at ein i verneforskriftene vel å følgje gjeldande forbodsgrense for lågtflyging på 300 m over bakken for alle flygingar. Dette har til no vore standard for nasjonalparkar og landskapsvernområde, og har vore praktisert og akseptert i ulike miljø. Denne flyhøgda vil truleg gi tilfredsstillande og naudsynt støyreduksjon i verneområda.

Avinor (Luftfarstilsynet) foreslår i § 3 punkt 6 ein minstehøgde på 1000 m over bakken for taxiflyging og turistflyging, samt 300 m over bakken for annen flyging. Det må avklarast med ytar av lufttrafikktjeneste (Avinor) at minstehøgda over bakken ikkje får verknad på eksisterande og/eller planlagt luftrom. Til dømes må det bli avklart at undervegsflyging samt inn/utflyging til Fagernes lufthamn ikkje blir rørt. Ein gjer merksam på at restriksjonar knytt til lufttrafikk skal publiserast i A1P (Aeronautical Information Publication) Noreg.

6.3:

DNT Oslo og Omegn ønskjer at transport av gjestar og utstyr på vinteren til Glitterheim skal inn som eit eige punkt. DNT Oslo og Omegn meiner at det i samband med fastsetting av nasjonalparkgrensa var lagt som ein føresetnad at transporten på vinteren og bruk av vegen om sommaren skulle bli vidareført slik den hadde vore gjennom alle år i samband med turishytteverksemda på Glitterheim. Ein viser og til innspel til planarbeidet frå drivarane på Glitterheim som ein sluttar seg til.

Ope møte i Lom

Ettersom det er tenkt at dispensasjonen for dei tre aktuelle turistbedriftene fortsett skal gjelde når det gjelder persontransport 2 gangar i veka, bør det bli gjeve heimel for ein slik dispensasjon i verneforskrifta. Slik forskrifta er i dag og i det nye forslaget manglar det slikt heimelsgrunnlag for slik dispensasjonspraksis.

Luster kommune vil ha nytt strekpunkt under pkt. 6.3 i forskrifta for nasjonalparken og pkt. 5.3 i forskrifta for landskapsvernområdet: "Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til snøskuterbruk i samband med skadefelling og lisensjakt på rovdyr innanfor rammene i motorferdsellova".

Statens landbruksforvaltning meiner det er sentralt i alle verneforskrifter å oppdatere føresegnene i forskrifta slik at ein får med naudsynte tiltak i høve til dyrehelse/ dyrevernomsyn. Viser her til Dyrevernloven sine føresegner om tilsyn og stell, jf § 5a. punkt 4. "... 4. sjuke eller skadde dyr får høveleg behandling og vert avliva om det trengst, .. " Dersom dyr på beite blir sjuke/skadd bør ein opne for transport med motorkjørety. DN har lagt fram forslag til nye forskriftsmalar, både for nasjonalparkar og landskapsvernområde, der slik transport er unnateke frå føresegnene om forbod mot motorferdsel, jf høringsutkast pr. november 2007 - "Revidert nettbasert utgåve av Forvaltningshåndboka". I DN's reviderte forskriftsmal heiter det at forbodet mot motorferdsel ikkje er til hinder for "...i) motorferdsel for transport av sjuke/skadde dyr i medhald av lov om dyrevern. Kjørety som nyttast skal være skånsam mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av kjøring..." Vi ber om at det vert teke inn ein regel om transport av sjuke/skadde dyr, i medhald av lov om dyrevern, i verneforskriftene for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde.

Syver, Martin og Håvard Holm

Ein viser til den gamle verneforskriftas pkt 5.2.1; *Bruk av båt med motor inntil 6 hk på Gjende, Russvatn og Bessvatn i samband med den bruksrett bygdefolk i Vågå og Lom eller utanbygds grunneigarar har i desse områda*. Ein meiner at det framleis må gå fram av forskrifta at utanbygds grunneigarar kan bruke motor.

Vågå kommune

Ein går i mot å ha fartsavgrensingar på Gjende. Dette er uforståeleg og lett provoserande regelstyring.

Vang fjellstyre/tilsynsutvalet i Vang

Ein tilrår at det under pkt 6.2 i verneforskrifta blir teke inn eit pkt om funksjonshemma. Eit slikt løyve kan avgrensas for ein tidsperiode.

Memurubu turisthytte

Det bør ikkje tilligge forvaltningsmynde å godkjenne kjøretøy for bruk i næring. Bruk av motorkjøretøy er tilstrekkeleg regulert med gjeldande praksis.

Fylkesmennene i Oppland og i Sogn og Fjordane viser til at framlegget til verneforskrifter tek utgangspunkt i standard mal for verneforskrift for nasjonalparkar utarbeidd av Direktoratet for naturforvaltning med tilpassing til gjeldande verneforskrifter for Jotunheimen nasjonalpark frå 1980. Framlegget om motorferdsel for landbruksturisme ligg heller ikkje innafor reglane i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag og er i strid med å halde motorferdsel på så lågt som mogleg av omsyn til ro i naturen og friluftslivet og er ikkje aktuelt å endre. Fylkesmennene går inn for ei lågtflygingsgrense 300 m frå bakken som gjeld all flyging, noko som vil vere i samsvar med standard reglar for nasjonalparkar.

Fylkesmennene meiner at søknad om persontransport til Glitterheim, Gjendebu og Memurubu framleis skal handsamast etter den generelle unntaksparagrafen og såleis ikkje heimlast som eit eige punkt i verneforskrifta. Terskelen for slik transport skal vere høg i ein nasjonalpark.

Eit eige punkt om motorferdsel for felling av rovvilt høyrer ikkje heime i nasjonalparkforskrifta. Det er viltlova som styrer kva vilkår som gjeld for felling av rovvilt. Vi meiner at punkt 6.3.b om bruk av luftfartøy for husdyrhald etter søknad dekkjer behovet då det knapt har vore ei sak om dette i nasjonalparken sidan opprettinga i 1980. Søknad om løyvet kan i naudtilfelle handsamast munnleg mot rapport i ettertid. Det er ikkje ønskjeleg å opne for barmarkkøyring pga skade på vegetasjon som er sårbar i høgfjellet.

Bruk av motorbåt på Gjende for utanbygdsbuande gjeld kun ein (tomte)eigar (som ikkje har beiterett), og i dette området går det rutebåt, noko som tilseier at løyve vil vere ei urimeleg forskjellshandsaming til gunst for denne eine eigaren. Det visast til eige brev fra direktoratet vedr. dette (1991).

Fylkesmennene ønskjer å halde på fartsavgrensing på Gjende då fleire hurtiggåande småbåtar ikkje høyrer heime i ein nasjonalpark der formålet er å ta vare på naturmiljøet og ha minst mogleg støy. Bakgrunnen for å auke motorkraft på båtar var tryggleik og ikkje fart. Ei fartsavgrensing på 8 knop tilsvarar om lag når småbåtar går opp i plan, og er såleis lett å forholde seg til.

Funksjonshemma sine høve til å oppleve naturen i Jotunheimen er etter vårt syn gode idag, og motorferdsel kjem i konflikt med vern om naturmiljøet og i høve til dei som driv friluftsliv, at fylkesmennene ser det som feil med eit punkt som tillèt motorferdsel i nasjonalparken for funksjonshemma. Fylkesmannen viser til eige kap. i forvaltningsplanen.

Fylkesmennene ser det som avgjerande å ha full oversikt over motorferdsla i nasjonalparken for å sjå til av verneformålet blir oppfylt, og det har då vist seg naudsynt å ha full oversikt over det som finst av motorkjøretøy til lands og til vatn i nasjonalparken. Fylkesmennene tilrår elles (utanom lågtflygingsgrense på 300 m over bakken) ingen endringar i verneforskrifta i høve til framlegget.

§7

Lom kommune

Kommunen meiner Jotunheimen bør få ein lokal forvaltningsmodell. Ein meiner det er erfaringsgrunnlag å kompetanse lokalt til å forvalte verneverdiane i området. Alternativt bør dei lokale tilsynsutvala få avgjerdsmynde på utvalde saksområde (krev endring av § 8). Ein meiner dei økonomiske rammene for utøving av forvaltnings- og tilsynsoppgåver i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde blir vesentlege auka.

Vågå kommune

Trass i at det er små konflikhtar knytt til fylkesmannens forvaltning av nasjonalparken, meiner kommunen det må innførast lokal forvaltning av Jotunheimen slik det er gjort for Reinheimen. Kommunane har opparbeidd seg både politisk og fagleg/administrativ kompetanse. Store areal i kommunane er underlagt statlig vern med innskrenkingar i bruk og demokratiske styringsprosessar. Lokal forvaltning er optimalt for å sikre lokale interesser og verneverdiar.

Lom fjellstyre

Går inn for at tilsynsutvala får avgjerdsmynde i visse sakstypar, og at ressursane til forvaltning, skjøtsel og oppsyn må aukast vesentleg. Fjellstyret er interessert i større sal av tenester.

Luster kommune meiner at forvaltninga av verneområda bør skje lokalt. Kvar kommune har forvaltningsansvaret for verna areal innanfor sine respektive grenser. Kommunar med forvaltningsansvar får årleg stilt til rådvelde midlar til skjøtsel og forvaltning av verneområde.

Ope møte i Luster 20.12.2007: Tilsynsutvalet viste til at erfaringane med Fylkesmannen som forvaltningsstyresmakt etter kvart er vorten veldig god. Bør bruke denne modellen også for eit framtidig verneområde i Breheimen-Mørkridsdalen.

Norges Bondelag meiner at lokale og regionale folkevalde organ skal gjevast auka myndigheit i naturforvaltninga.

DNT Landsforeininga er positive til at Turistforeninga blir involvert i ulike forvaltningsmøte og –synfaringar, og ønskjer at DNT Oslo og Omegn blir med i det rådgjevande utvalet.

Fylkesmennene i Oppland og i Sogn og Fjordane viser til at framlegget til verneforskrifter tek utgangspunkt i standard mal for verneforskrift for nasjonalparkar utarbeidd av Direktoratet for naturforvaltning med tilpassing til gjeldande verneforskrifter for Jotunheimen nasjonalpark frå 1980. Vi viser til at forvaltninga i mange år har hatt eit svært lågt konfliktnivå på tross av store brukarinteresser og intensiv bruk frå mange brukargrupper. Det vil vere svært uheldig for ei heilskapleg forvaltning med oppsplitting av forvaltningsmynde til kommunane. Fylkesmennene meiner ordninga med lokale tilsynsutval som har fellessamling ein gong i året har fungert svært bra og tilrår den innført også i andre nasjonalparkar. DNT har fast invitasjon på fellessamlinga for tilsynsutvala pga sine store brukarinteresser i området, og kunne slik sett stått som fast medlem her. Fylkesmennene går inn for å halde på framlegget til verneforskrifter.

Utladalen LVO: Verneforskrifter

Generelt:

Årdal kommune kan ikkje sjå at det er grunnlag for å kome med merknader til hovudinnhaldet i dei nye verneforskriftene. Det er fornuftig med foreslått standardisering i forhold til andre verneområdeforskrifter, og at det særlegne tidlegare forskriftsinnhaldet, som har fungert for våre verneområde vert teke med vidare.

§1

Petter Arnt Løvdahl: Hagaberg har gnr./bnr. 14/4, i staden for tidlegare leigeavtale på Hagaberg då det var 14/1 + 2 (festenr.).

Årdal kommune: 3. Reglar for Vettisvegen vert endra slik at oppsitjarar på gnr 14, bnr. 4 (Hagaberg) også har rett til å trafikkere vegen i næringsføremål med traktor eller anna høveleg motorkøyretøy.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane meiner det er rett å ta inn denne endringa om gnr/bnr. 14/4.

§ 2 FORMÅL

Sogn og Fjordane bondelag: Her må teksten endrast i første setning til:Å verne og forvalte eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad

Årdal kommune tilrår til at kulturlandskap bør nemnast saman med naturmiljø og kulturminne som formål for vernet i § 2 til forskrifta til Utladalen landskapsvernområde, og stiller seg svært positive til at kulturminne er sett på dagsorden og vert ein del av verneformålet.

DNT (Landsorganisasjonen) støtter forslaget om at verneområda skal kunne brukast til naturoppleving og enkelt friluftsliv. ”Tradisjonelt” bør sløyfes frå føresegna slik at omgrepet ”enkelt friluftsliv” blir brukt i føremålsparagrafen, og vi ønskjer at det i forarbeida blir presisert at det aktivt skal stimulerast til økt friluftslivsbruk (jfr. forskrifta for Junkerdal NP). Gjeldande formulering om at ”allmennheten skal gis anledning ...” kan bli oppfatta som for passivt, og det bør samtidig kome klart fram at friluftsliv er et av hovudføremåla med vernet.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane viser til at framlegget til verneforskrifter tek utgangspunkt i standard mal for verneforskrift for nasjonalparker utarbeidd av Direktoratet for naturforvaltning med tilpassing til gjeldande verneforskrifter for Utladalen landskapsvernområde frå 1980. Fylkesmannen meiner det er rett å ta inn kulturlandskap i verneformålet. Fylkesmannen held elles på framlegget til verneforskrift på dette punktet.

§3, pkt 4. Ferdsl

Ragnar Bell.

Fylkesmannen bør revurdere framlegget i høve til regulering av kommersiell aktivitet, på bakgrunn av Jotunheimen er det området i Noreg kor det er mest ”ekstrem” friluftsliv/fjellsportaktivitet i sommarhalvåret.

Sogn og Fjordane bondelag

Det må opnast for at ferdsl relatert til landbruksturisme må sikrast plass i den samla ferdslsplan i verneområdet

DNT (landsorganisasjonen)

DNT meiner det er behov for ein klar presisering i pkt. 5.2 og i forvaltningsplanen der det går klart fram at denne føresegna ikkje er til hinder for tradisjonell turverksemd til fots i regi av turistforeiningar, skoler, barnehagar, ideelle lag og foreiningar.

DNT legg til grunn at det skal mye til for å innføre avgrensingar i allemannsretten. Det må derfor bli stilt krav til dokumentasjon m.o.t. verknad friluftslivet har på naturmiljøet før forvaltninga kan regulere ferdsel til fots/på ski etter pkt. 5.4. I slike situasjonar bør ulempene avvegast grundig i forhold til de mange fordelane ved friluftslivet. Pkt. 5.5 – omlegging av stiar blir dekt av pkt 5.4, og med utgangspunkt i at det ikkje er aktuelt å leggje ned nokre av dagens stiar kan dette punktet utgå.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane viser til at framlegget til verneforskrifter tek utgangspunkt i standard mal for verneforskrift for nasjonalparker utarbeidd av Direktoratet for naturforvaltning med tilpassing til gjeldande verneforskrifter for Jotunheimen nasjonalpark frå 1980.

Fylkesmannen viser til at ferdselsreglane i verneforskrifta skal sikre at det ikkje skjer skade på naturmiljøet, og såleis ikkje gjev høve til å skilje mellom kommersiell og anna ferdsel, noko som også omfattar landbruksturisme. Tilhøvet til turistforeiningar, skular, lag og organisasjonar høyrer heime i forvaltningsplanen og er omtala der. Verneforskrifta legg ikkje opp til å avgrense allemannsretten (og forvaltningsplanen) utan at det kan skje skade på naturmiljøet. Vi meiner at punktet om å fjerne stiar må stå av omsyn til villrein og anna dyreliv, m.a. fordi det i framlegget til forvaltningsplan vert opna for å merke stiar under føresetnad av at dei kan fjernast dersom det seinare syner å vere problem for villreinen. Fylkesmannen ønskjer å halde på framlegget til verneforskrift.

§ 3, pkt. 5. Motorferdsel

For dispensasjon frå forbodet mot motorferdsel, m.a. også landbruksturismen vere ein del av dette grunnlaget (Sogn og Fjordane bondelag).

Verneforskrifta må omarbeidast slik at nødvendig militær lågtflyging ikkje vert forhindra, alternativt at vidare behandling av denne delen av verneforskrifta vert utsett inntil overnemnde arbeidsgruppe har ferdigstilt sitt arbeide (Forsvarsbygg).

DNT Oslo og Omegn og DNT (landsorganisasjonen) støttar forbodet mot lågtflyging under 1000 meter over bakken. Køyring heimla både i pkt. 6.2 og 6.3 må innrapporterast til forvaltningsmyndigheitene

Luftfartstilsynet: I § 3 punkt 6 er det framlegg om minstehøgde på 1000 m over bakken for taxiflyging og turistflyging, samt 300 m over bakken for annen flyging. Det må avklarast med yter av lufttrafikkeneste (Avinor) at minstehøgda over bakken ikkje får innverknad på eksisterande og/eller planlagt luftrom. F eks må det avklarast at undervegsflyging samt inn/utflyging til Fagernes lufthamn ikkje blir berørt. Gjer vidare merksam på at restriksjonar knytt til lufttrafikk skal publiserast i A1P (Aeronautical Information Publication) Norge.

Årdal kommune og Luster kommune og Ope møte i Luster 20.12.2008 går mot lågtflygingsgrense på 1000 m over bakken, og tilrår 300 m over bakken, som har vore praktisert og akseptert i ulike miljø. Denne flyhøgda vil truleg gi tilfredsstillande og naudsynt støyreduksjon i verneområda.

Luster kommune vil ha Nytt strekpunkt under pkt. 6.3 i forskrifta for nasjonalparken og pkt. 5.3 i forskrifta for landskapsvernområdet: "Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til snøskuterbruk i samband med skadefelling og lisensjakt på rovdyr innanfor rammene i motorferdsellova".

Årdal kommune: Revisjonen får ikkje konsekvensar for bruk av Vettisvegen. Gjeldande reglar for Vettisvegen er vidareført som i dag. Men det er drøfta med Fylkesmannen at Hagaberg gnr 14/bnr

I vert teke med i pkt 2 for oppsitjarar som har rett til å trafikkere vegen i næringsføremål med traktor eller anna høveleg motorkøyretøy, jfr lokalt høyringsinnspel.

Statens landbruksforvaltning

6.2 Det blir bede om at ein tek inn ein regel i verneforskrifta om at motorferdsel for transport av sjuke/skadde dyr i medhald av lov om dyrevern. Kjøretøy som nyttas skal vere skånsam mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområda i forkant av kvar kjøring. Det er sentralt i alle verneforskrifter å oppdatere reglane i forskriftene slik at ein får med nødvendige tiltak i forhold til dyrehelse/dyrevernomsyn. Viser her til Dyrevernloven sine reglar om tilsyn og stell, jf § 5a. punkt 4. "... 4. sjuke eller skadde dyr får høveleg behandling og vert avliva om det trengst, .. " Dersom dyr på beite blir sjuke/skadd bør ein ha opning for transport med motorkjøretøy. DN har lagt fram forslag til nye forskriftsmalar, både for nasjonalparkar og landskapsvernområde, der slik transport er unnatta frå reglane om forbod mot motorferdsel, jf høyringsutkast pr. november 2007 - "Revidert nettbasert utgåve av Forvaltningshåndboka". I DN's reviderte forskriftsmal heter det at forbodet mot motorferdsel ikkje er til hinder for "...i) motorferdsel for transport av sjuke/skadde dyr i medhald av lov om dyrevern. Kjøretøy som vert nytta skal vere skånsam mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av kjøring..." Vi ber om at det vert teke inn ein regel om transport av sjuke/skadde dyr, i medhald av lov om dyrevern, i verneforskriftene for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. (Statens landbruksforvaltning)

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane viser til at framlegget til verneforskrifter tek utgangspunkt i standard mal for verneforskrift for nasjonalparkar utarbeidd av Direktoratet for naturforvaltning med tilpassing til gjeldande verneforskrifter for Jotunheimen nasjonalpark frå 1980. Framlegget om motorferdsel for landbruksturisme ligg heller ikkje innafor reglane i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag og er i strid med å halde motorferdsel på så lågt som mogleg av omsyn til ro i naturen og friluftslivet og er ikkje aktuelt å endre. Fylkesmannen går inn for ei lågtflygingsgrense 300 m frå bakken som gjeld all flyging, som er standard i verneområde der det er lågtflygingsgrense. Eit eige punkt om motorferdsel for felling av rovvilt høyrer ikkje heime i nasjonalparkforskrifta. Vi meiner at punkt 6.3.b om bruk av luftfartøy for husdyrhald etter søknad dekkjer behovet då det knapt har vore ei sak om dette i nasjonalparken sidan opprettinga i 1980. Søknad om løyve kan i naudtilfelle handsamast munnleg mot rapport i ettertid. Det er ikkje ønskeleg å opne for barmarkkøyring pga skade på vegetasjon som er sårbar i høgffjellet. Fylkesmannen tilrår elles (utanom lågtflygingsgrense på 300 m over bakken) ingen endringar i verneforskrifta i høve til framlegget.

§ 7

Norges Bondelag meiner at lokale og regionale folkevalde organ skal gjevast auka myndigheit i naturforvaltninga.

DNT Landsforeininga er positive til at Turistforeininga blir involvert i ulike forvaltningsmøte og –synfaringar, og ønskjer at DNT Oslo og Omegn blir med i det rådgevande utvalet.

Luster kommune: Forvaltninga av verneområda skal skje lokalt. Kvar kommune har forvaltningsansvaret for verna areal innanfor sine respektive grenser. Kommunar med forvaltningsansvar får årleg stilt til rådvelde midlar til skjøtsel og forvaltning av verneområde. *Forvaltningsansvaret* for nasjonalparkar vil framleis liggje til staten, dvs Fylkesmannen, med tilsynsutval lokalt. Tilsynsutvalet viste til at erfaringane med Fylkesmannen som forvaltningsstyresmakt etter kvart er vorten veldig god. Bør bruke denne modellen også for eit framtidig verneområde i Breheimen-Mørkriddalen (Ope møte i Luster 20.12.2007).

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane viser til at framlegget til verneforskrifter tek utgangspunkt i standard mal for verneforskrift for nasjonalparkar utarbeidd av Direktoratet for naturforvaltning

med tilpassing til gjeldande verneforskrifter for Utladalen landskapsvernområde frå 1980. Vi viser til at forvaltninga i mange år har hatt eit svært lågt konfliktnivå på tross av store brukarinteresser og intensiv bruk frå mange brukargrupper. Det vil vere svært uheldig for ei heilskapleg forvaltning med oppsplitting av forvaltningsmynde til kommunane. Fylkesmannen meiner ordninga med lokale tilsynsutval som har fellessamling ein gong i året har fungert svært bra og tilrår den innført også i andre nasjonalparker. Fylkesmannen går inn for å halde på framlegget til verneforskrifter.
